

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skriven: 06.03.2005  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 20.01.05 – 28.02.05**

**Styresak 27/05 O**

**Styremøte 15.03.2005**

**Administrerande direktør si orientering pkt 8**

## Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 20.01.05 – 28.02.05
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsynssaker som gjeld helseføretaka i regionen. Ein gjer merksam på at denne oversikten ikkje er fullstendig. Som det er gjort greie for i rapportering til styret i mars 2004, vil ein etablira rutinar som gir administrasjonen moglegheit til å ha ei komplett oversikt over desse sakene. Det er gjort avtale med fylkeslegane om at Helse Vest vert gjort til kopimottakar for deira korrespondanse med helseføretaka.

## Del 1

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen <sup>(1)</sup>	14.01.05	Riksrevisjonen har satt i gong ein forvalningsrevisjon som omhandlar refusjon til private leverandørar av helsetenester. Det blir bedt om ein sammenstilling av dei totale utgiftene Helse Vest og underliggende verksemder har hatt til private laboratorier og røntgeninstitutt i 2002, 2003 og 2004. Riksrevisjonen ønskjer også opplysningar om avtalene har vore på anbod og eventuelt kvifor anbodskonkurranse ikkje har vore gjennomført. Svarfrist: 28. januar 2005.	Svar på førespurnad sendt 1. februar 2005. I svaret er det gjort greie for at det i vår region berre er det regionale helseføretaket som har avtaler med private røntgeninstitutt. Det er ingen avtaler med private laboratorier. I svaret er det og gitt ein oversikt over utgiftene i perioden 2002 – 2004. Det er vidare gjort greie for at det i 2004 ble gjennomført anbodskonkurranse for kjøp av røntgentenester, og at det er under førebuing nye

			anbodskonkurransar båe når det gjeld røntgen- og laboratorietenester.
	26.01.05	Forvaltningsrevisjon av refusjon av utgifter til legemidlar på blå resept – oversending av undersøking.	Formålet med undersøkinga har vore å belyse forvaltningspraksis for refusjon av legemidlar på blå resept og vurdere om denne praksisen bidrar til ein kostnadseffektiv føreskriving av legemidlar. Kostnadseffektiv føreskriving av legemidlar vil seie at dei behandlingsmessige målsettingane blir realisert med minst mogleg ressursbruk. Undersøkinga syner at det er grunn til å tro at ein meir kostnadseffektiv praksis vil vere mogleg utan at det vil få effekt på befolkninga sin helse.
	02.02.05	Møte med leiinga i det regionale helseføretaket og med ekstern revisor. Riksrevisjonen utøvar selskapskontroll ovanfor helseføretaka etter helseføretakslova § 45. Etter Riksrevisjonen sine retningslinjer skal det jamleg vere møter med dei selskapa som fell inn under kontrollen og i brevet er det bedt om eit møte med leiinga i Helse Vest RHF og eit møte med føretaket sin eksterne revisor.	Møtet båe med ekstern revisor og med leiinga i Helse Vest RHF er avtala til torsdag 7. april 2005. Riksrevisjonen har signalisert at dei mellom anna vil ta opp følgjande saker i møtet med leiinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føretaket sin oppnåing av krav satt til drift og aktivitet, inkludert økonomisk resultat</li> <li>• Departementet sin eigarstyring/RHF sin eigarstyring</li> <li>• Årleg melding 2004</li> <li>• Brukarmedverknad</li> <li>• Føretaket sin revisjonsavtale med ekstern revisor</li> <li>• Offentlege innkjøp ved bruk av OPS-avtaler</li> <li>• Saker av vesentleg betydning</li> <li>• Føretaket sitt forhold til bruk av private verksemder</li> <li>• Tilskotsforvaltning, med særleg fokus på+ tilskotet til styrking av psykisk helsevern og ISF-tilskotet</li> </ul>

			<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablering av intern revisjon</li> </ul>
	10.02.05	<p>Finansielle leigeavtaler.</p> <p>Riksrevisjonen informerte Stortinget i Dok. 3:2 (2004-2005) om helseføretaka sin bruk av finansielle leigeavtaler og følgjer opp dette forholdet i kontrollen for 2004. Etter helseføretakslova § 33 kan ikkje helseføretaka ta opp lån i den private marknaden utan at det er ope for dette i vedtekten.</p> <p>Departementet har gjort det klårt at finansiell leasing må jamstellast med lån, og at helseføretaka derfor ikkje kan etablere finansielle leigeavtaler i den private marknaden. I føretaksgruppa i Helse Vest utgjorde dei finansielle avtalene 37,3 mill. kroner per 31.12.03.</p> <p>I brev av 30.08.04 bad HOD om at alle avtaler skulle bringast i samsvar med gjeldande regler. Det blei og bedt om ein plan for korleis og når slik avvikling ville skje.</p> <p>Riksrevisjonen ber om å få oversendt kopi av plan for avvikling og ein oversikt over eventuelle finansielle leigeavtaler som var gjeldande for føretaksgruppa per 31.12.04.</p> <p>Svarfrist: 4. mars 2005.</p>	<p>Svar på førespurnad sendt 3. mars 2005. I svaret er det vist til Helse Vest sitt brev til HOD av 30.09.04 kor det er gjort greie for korleis Helse Vest skal avvikla finansielle leigeavtaler. Det er i tillegg gjort greie for status i Helse Stavanger og Helse Førde pr 31.12.04.</p>
	10.02.05	<p>Avtaler med private verksemder.</p> <p>Riksrevisjonen ber om å få tilsendt ein oversikt over alle avtaler gjeldande i 2004 mellom Helse Vest og private verksemder som yter spesialisthelsetenester. I tillegg blir det bedt om opplysingar knytt til om avtalene har vore lagt ut på anbod og eventuelt kvifor anbodskonkurranse ikkje har vore nytta.</p> <p>Svarfrist: 4. mars 2005.</p>	<p>Svar på førespurnad sendt 4. mars 2005. I svaret er det gitt ein oversikt over alle avtaler med private verksemder etter følgjande inndeling:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-private ideelle sjukehus, somatikk og psykiatri</li> <li>- private rusinstitusjonar</li> <li>-private opptreningsinstitusjonar</li> <li>- private kommersielle sjukehus</li> <li>- private røntgeninstitutt</li> <li>- private laboratorier</li> <li>- andre avtaler</li> </ul>
	10.02.05	Retningsliner vedrørande bistillingar ved private klinikkar/sjukehus.	Svar er under utarbeiding, men tilbakemelding frå alle føretaka ligg ikkje føre.

		Riksrevisjonen gjer ei undersøking av om dei regionale helseføretaka har utarbeidd interne retningsliner eller rutinar for dei tilsette i helseføretaksgruppa med omsyn til stillingar, eigarinteresser eller styreverv ved private klinikkar/sjukehus. Det blir bedt om at kopi av eventuelle retningsliner blir sendt Riksrevisjonen. Samstundes ønskjer ein opplyst om helseføretaksgruppa fører oversikt over dei tilsette som har slike bistillingar.	Svarfristen var satt til 28. februar 2005, men det er gitt forlenging til 7. mars 2005.
	14.02.05	Medisinsk-teknisk utstyr i sjukehus – forvalningsrevisjonsprosjekt. Riksrevisjonen gjennomfører ein forvalningsrevisjon som ser på einskilde sider av MTU ved dei somatiske sjukehusa. I samband med dette ønskjer Riksrevisjonen informasjon om dei regionale helseføretaka sin eventuelle rolle, og ein ber om opplysingar om totale investeringar i MTU i dei offentlege sjukehusa i regionen og årleg framtidig investeringsbehov. Vidare ber ein om opplysingar knytt til om Helse Vest har gjort noko i forhold til helseføretaka når det gjeld planlegging av investeringar og opplæring generelt eller for MTU spesielt.	Svarfristen var satt til 25. februar 2005, men det er gitt forlenging til 7. mars 2005. Svar er under utarbeiding.
	15.02.05	Dei regionale helseføretaka sine revisjons- og rådgivningsavtaler med ekstern revisor. Riksrevisjonen har samanlikna gjeldande revisjonsavtaler med den opphavlege anbodsinnbydinga kunngjort av departementet hausten 2001. Riksrevisjonen peikar på at det ikkje er samsvar mellom kontraktspris, og det honorar som blei godkjent i føretaksmøtet, og det blir bedt om ei utgreiing om forholdet. Når det gjeld prisjusteringar reiser og Riksrevisjonen spørsmål ved om det er samsvar mellom etterhald i avtalen og føresetnader i anbodsinnbydinga. Vidare er det bedt om innsendning av alle kontraktar/tingingar som	Svarfrist: 4. mars 2005.

		gjeld tilleggstenester frå ekstern revisor har levert til helseføretaksgruppa.	
	15.02.05	<p>Innhenting av informasjon frå helseføretak i Helse Vest. Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av staten sine interesser i Helse Vest omfattar heile føretaksgruppa. For rekneskapsåret 2004 vil ein i tillegg til det regionale helseføretaket og kontrollere Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF. Det er bedt om innsending av følgjande dokument:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innkallingar og protokollar til føretaksmøte (juli 2004 – juni 2005)</li> <li>• Innkallingar og protokoller til styremøte (juli 2004 – juni 2005)</li> <li>• Årsrekneskap og årsmelding for 2004</li> <li>• Årleg melding 2004</li> <li>• Ekstern revisor sin melding for 2004</li> <li>• Budsjett 2004</li> <li>• Rapporter i 2004 frå daglig leiari til styret, jf. hfl § 38</li> <li>• Utskrift frå postjournal som viser all korrespondanse i 2004 mellom det regionale helseføretaket og Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF</li> </ul> <p>Svarfrist: 4. mars 2005.</p>	Dokumentasjon er innhenta frå helseføretaka, og svar på førespurnad sendt 3. mars 2005.
	23.02.05	Tilskot til psykisk helsevern. Riksrevisjonen vil for 2004 følgje opp tilskot til psykisk helsevern, og det er vist til styringsdokumentet for 2004 kor det er gjort greie for kva forhold innanfor psykisk helsevern som det skulle leggjast vekt på i 2004. Riksrevisjonen ber om at det blir gjort greie for status.	Svarfrist: 11. mars 2005.
	01.03.05	Etablering av Helse Vest IKT AS. Det er vist til opprettinga av Helse Vest IKT AS og til vedtaket om å tildele selskapet einerett til å levera IKT-tjenester til helseføretaka i regionen.	Svarfrist: 18. mars 2005.

		Riksrevisjonen ber mellom anna om ei grunngjeving for kvifor det er gjort unnatak frå føresegna om offentlege innkjøp og om opplysingar om kunngjeringa av eineretten. I tillegg ber Riksrevisjonen om opplysingar om kor mykje tenestar føretaka har kjøpt av Helse Vest IKT AS og om omfangset av tenester som selskapet leverer til ekstern marknad.	
<b>Statens helsetilsyn</b>	24.01.05	<p>Kartlegging av lindrande sedering til døande – oversending av rapport.</p> <p>I oversendinga peiker Helsetilsynet på at det er viktig å gjennomgå følgjande punkt med dei avdelingar der det kan vere aktuelt å gi lindrande sedering til døyande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva omgrepet lindrande sedering til døyande inneber.</li> <li>• Kva krav som må vere oppfylt for at lindrande sedering skal kunne bli gitt til døyande.</li> <li>• Korleis ansvarsforholda ved behandlinga er.</li> <li>• Kva krav som skal stillast til dokumentasjon</li> </ul>	
	14.02.05	Oppsummeringsrapport etter tilsyn med abortnemndene i 2004.	Rapporten omtaler ein del forbettingsområde som adressatane blir bedt om å følgje opp. Det er ikkje avdekka avvik frå gjeldande regelverk.
<b>Arbeidstilsynet</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden		
<b>Datatilsynet</b>	22.12.04	<p>Datatilsynet sendte 6. oktober 2004 brev til Helse Vest RHF med einskilde spørsmål som omhandla handsaming av personopplysingar innan det regionale helseføretaket. Svar på førespurnaden blei sendt 1. november 2004.</p> <p>Datatilsynet har no på ny send ein skriftleg førespurnad til Helse Vest kor det blir peikt på at Datatilsynet vanskeleg kan sjå at det er gitt eit adekvat svar på hovudspørsmålet i saka.</p> <p>Datatilsynet ber om at adekvat tilsvar blir gjeve innan 1. februar 2005.</p>	<p>Svar på førespurnad sendt 31. januar 2005. Helse Vest oppfattar at formålet med tilsynet er å kartlegge dei faktiske forhold med omsyn til dei løysingar for pasientjournal som per dato gjeld i heile føretaksgruppa. Med dette som bakgrunn er det gjort greie for gjeldande løysingar, og det er gjort greie for at kvart helseføretak i regionen i dag har eigne pasientadministrative system og elektronisk pasientjournal.</p> <p>Det er og gjort greie for planar for samdrift av pasientjournalsistema i regionen, teleradiologiprosjektet samt regional IKT-tryggleikspolicy.</p>

<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå KOFA i perioden.	
<b>Sivilombudsmannen</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	
<b>Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet</b>	25.02.05	<p>Informasjon om klagesakshandsaming.</p> <p>Dispensasjons- og klagenemnda handsama tidlegare klager over vedtak frå Rikstrygdeverket om sjukebehandling i utlandet. Etter endringane i lov om pasientrettar skal nemnda handsame klager på dei regionale helseføretaka sine vedtak om sjukebehandling i utlandet. Dei første klagesakene har nå kome i Helse Øst og Helse Sør.</p> <p>I brevet blir det informert om ønska rutinar for å lette klagesaksbehandlinga.</p> <p>Helse Vest RHF har sendt orienteringsbrevet vidare til Eining for utanlandsbehandling i Helse Bergen som er den eining som treff avgjerd i denne type saker i Helseregion Vest.</p>

## Del 2

Tilsynsmyndigkeit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b> <sup>(1)</sup>	08.10.04(!), motteke av Helse Vest 28.01.05	Riksrevisjonen sin undersøking om kvaliteten på den medisinske kodinga i 14 sjukehus. Førde Sentralsjukehus er eitt av dei 14 sjukehusa som er med i undersøkinga. Ein av problemstillingane er å sjå på om den interne kontrollen i sjukehusa sikrar ein korrekt koding, og det er utarbeidd eit spørjeskjema til legar om den medisinske kodinga.	Svarfrist: 16. februar 2005. Det er den ein skilde lege som er utpeikt til å svare på spørjeskjemaet som sjølv står for innsending.
	17.02.05	Datainnsamling til forvalningsrevisjon retta mot akuttmedisinsk beredskap. Riksrevisjonen gjennomfører ein forvalningsrevisjon retta mot akuttmedisinsk beredskap i spesialisthelsetenesta og prehospitale tenester. Formålet er å gi Stortinget relevant og oppdatert informasjon om måloppnåing og effektivitet innanfor den akuttmedisinske behandlingskjeden	Følgjande sjukehus i Helseregion Vest er med i undersøkinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Haukeland Universitetssjukehus</li> <li>• Stavanger Universitetssjukehus</li> <li>• Haugesund sjukehus</li> <li>• Førde Sentralsjukehus</li> <li>• Voss sjukehus</li> <li>• Stord sjukehus</li> </ul>

<b>Statens helsetilsyn</b>		
	<p>01.12.04</p> <p>Rehabiliteringseininga, <b>Helse Fonna</b> – plikt til å yte nødvendig helsehjelp. I brev frå Helsetilsynet i Hordaland blir det påpeikt at Rehabiliteringseininga siste året ikkje har følgd opp ei rekke tidlegare oppstarta saker. Dette gjeld mellom anna tenester til 7 personar med vedtak etter Lov om sosiale tenester kap 4 A. Etter dei opplysningsane Helsetilsynet har, innebar reduksjonen i tenestetilbodet at desse pasientane faktisk ikkje fekk tilbod frå Vaksenhabiliteringsteamet.</p> <p>Helsetilsynet legg til grunn at desse pasientane har rett til nødvendig helsehjelp og påpeiker at spesialisthelsetenesta har eit lovbestemt ansvar for å sikre at pasientar med rett til nødvendig helsehjelp får hjelp innan den tid som er medisinsk forsvarleg.</p> <p>Helse Fonna blir innan utgangen av desember 2004 beden om å gjere greie for kva tiltak som blir sette i verk slik at pasientar som har rett til nødvendig helsehjelp frå Rehabiliteringstenesta, får oppfylt denne retten anten dette gjeld tenester frå Vaksenhabiliteringsteamet, Vaksenrehabiliteringsteamet eller Barne-/autismeteamet.</p> <p>Svar frå Helse Fonna til Helsetilsynet i Hordaland sendt 04.01.05. I svaret erkjenner Helse Fonna at dei det siste året ikkje har kunna følgt opp eit visst tal allereie oppstarta saker. Dette skuldast ressursmangel. Når det gjeld saksgangen i dei saker kor Helse Fonna ikkje har kapasitet, skriv Helse Fonna at ein ikkje har utarbeidd formelle rutinar, men at ein har intensjon om å fylgje lovverket – fokusert gjennom vurderingsgaranti og prioriteringsforskrift.</p> <p>Det er vidare gjort greie for dei konkrete sakene. Situasjonen Helse Fonna kom opp i var eit unntak der føretaket måtte leggje ned ein del saker fordi ein hadde starta opp for mange på ein gong. Å ”lukka sakene” i ein periode blei vurdert som medisinsk forsvarleg</p> <p>Generelt påpeiker Helse Fonna at dei i dag ikkje kan gje tilbod om nødvendig helsehjelp til eit nedslagsfelt på 167 000 menneske. I framtida vil Rehabiliteringstenesta umiddelbart tilvise pasientar til anna føretak i saker kor ein vurderer at føretaket ikkje kan innfri akseptabel ventetid.</p> <p>Brev frå Helsetilsynet i Hordaland – avslutning av saken. I brevet gjer Helsetilsynet uttrykk for at dei har merka seg opplysningsane om at helseføretaket vil auke merksemd på forsvarleg ventetid for vurdering og behandlingsoppstart, eventuelt ved å sørge for at pasientar får tilbod om behandling annan stad om de ikkje kan halde behandlingsfristen. Helsetilsynet legg til grunn at fristen for vurdering innan 30 virkedagar blir halden, og at det i svar til pasientane om resultat av vurderinga blir opplyst om klagerett og om rett til fritt sjukehusval.</p> <p>Når det gjeld opplysningar om at Rehabiliteringseininga, ikkje kan</p>	

		<p>gje tilbod om nødvendig helsehjelp til innbyggjarane i opptaksområdet, vil Helsetilsynet ta dette opp på eigna måte med Helse Vest.</p>	
	17.01.05	<p>Helsetilsynet i Hordaland. Klage – nødvendig helsehjelp. To klagesaker som begge gjeld avvisning ved Yrkesmedisinsk avdeling, <b>Haukeland Universitetssjukehus</b>. Både pasientane er vurdert å ha rett til nødvendig helsehjelp, men er ikkje gitt frist for når medisinsk forsvarlegheit krev at pasienten seinast skal få helsehjelp fordi pasientane ikkje fell inn under avdelinga si målretta verksemd.</p> <p>Påpeikt at den som gjer vurderinga alltid skal fastsetje fristen. Dette inneber ikkje at ein er forplikta til å ta i mot pasienten når eininga ikkje har eit relevant tilbod/kapasitet. Når sjukehuset ikkje kan gi eit tilbod bør dei ansvarlege for spesialisthelsetenesta bli gjort merksame på det slik at aktuelle tenester kan skaffast.</p>	<p>Svar sendt 24.01.05.</p> <p>Helsetilsynet i Hordaland har i to brev av 27.01.05 tatt til etterretning at Helse Bergen HF vil opprette ein ny spesialpoliklinikk ved Yrkesmedisinsk avdeling som kan gjøre vurderingar og gi eit fagleg tilbod til denne pasientgruppa. Helsetilsynet legg til grunn at pasientane nå får fastsett ein individuell frist for når ein seinast skal bli gitt eit tilbod frå spesialisthelsetenesta.</p> <p>Helsetilsynet har avslutta saka.</p>
	23.02.05	<p>Helse Fonna - varsel om pålegg. Fylkesmannen i Hordaland oppmodar Helse Fonna HF v/Haugesund sjukehus om å opprette ein ekstra turnusplass for ein fysioterapeutkandidat i halvåret 15.08.05 – 15.02.06. Dersom oppmodinga ikkje kan etterkomast og det er andre grunnar enn det som følgjer av krav til fagleg forsvarleg verksem som ligg til grunn for dette, varslar fylkesmannen at saka blir sendt til statens Autorisasjonskontor for helsepersonell som er tillagt oppgåva med å gi pålegg til helseinstitusjonar om å ta imot turnuskandidatar.</p> <p>Fylkesmann viser til at det er det regionale helseføretaket som er pliktsubjekt i spesialisthelsetenestelova § 3-5, men ettersom det er Helse Fonna som bli oppmoda om å ta imot ekstra turnuskandidat, er oppmodinga retta direkte til</p>	

		helseføretaket.  Det er i brevet sagt at økonomiske grunnar hittil ikkje er blitt godkjent som argument for ikkje å ta imot turnuskandidatar.	
<b>Arbeidstilsynet</b>	24.01.05	Orientering om informasjonsmøte om kampanjen "God vakt" i Helse Bergen.	
	25.01.05	Orientering om informasjonsmøte om kampanjen "God vakt" i Helse Førde.	
<b>Datatilsynet</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	03.05.04	Helse Fonna. Norges Taxiforbund har på vegne av fleire leverandørar påklaga konkurranse med forhandling for sjuketransport. Klagen peiker mellom anna på at forhandlingane ikkje har vore ført i samsvar med regelverket og at innkлага har forsømt grunngjevingsplikta.	Avgjerd føreligg ikkje.
	26.06.04	Helse Førde. Taxi Transport AS deltok i ein anbodstevling for sjuketransport. Det er påpeikt at konkurransegrunnlaget er uklårt, og at tenesta blei utvida etter gjennomført konkurranse samanlikna med det deltarane kunne sjå ut av dokumenta.	Avgjerd føreligg ikkje.
	22.02.05	Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane Taxi AS. Klager deltok i ein open anbodskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.	Avgjerd føreligg ikkje.
<b>Sivilombudsmannen</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		